



Notat

Til: Hege Eide Vik

Kopi til:

Saksbehandler: Samfunnsutvikling/Stian Reime

Vår referanse: 22/314 - 20 / FE-033

Dato: 07.06.2022

Emne: Skriftleg svar på munnlege spørsmål i kommunestyremøtet 10.05.22 - mur ved vikavegen og fartsdumpar

Mur Vikavegen:

Amalie Johnsen Lunde, H stilte spørsmål knytt til fare for at mur ved Vikavegen er i ferd med å rase ut. Var dette oppdaga då prioriteringslista vart sett?

Svar: Mogleg utrasing av mur i Vikavegen var ikkje oppdaga, og har difor ikkje vore ein del av evalueringa, då ein utarbeida prioriteringslista for asfaltering.

Asfaltering:

Erlend Hesjedal- Johannessen, H stilte spørsmål knytt til fartsdumpar og asfalt på kommunale vegar.

Svar: Storleik på fartsdumpar er avhengig av ulike faktorar, til dømes fartsgrenser, trafikkmengda, stigningsforhold osb. Dette medfører at storleiken og utforminga av fartsdumpar vil vere ulik frå stad til stad. Det er gjennomført synfaring og ein har ikkje observert større avvik frå norma. Det vart avdekka feil plassering av fartsdump i Dalseidvegen nærast Oskar Jepsensvegen. Førebuande arbeid med utfresing vart gjennomført på feil stad samanlikna med vedteken trafikksikringsplan. Dette vart oppdaga og ein asfalterte i utfrest område. Dette kan moglegvis oppfattast som ein minimal fartsdump. Fartsdump med rett plassering vil koma ved neste asfalteringsrunde.

Med helsing

Stian Reime
Einingsleiar